

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Bots- og bønnedag - søndag 27. oktober 2013

Preiketekst: Luk 15, 11-32

Lesetekst I: Mika 7, 18-19

Lesetekst II: 2 Kor 13, 5-8

Historia om den kjærlege faren

Far og to søner. To ulike søner, så ulike som berre brør kan vere. Eldstemann - ein flittig arbeidsmaur. Påliteleg og trufast og alltid til å stole på. Men han har lite syn for andre. Ikkje eingong då den forkomne broren uventa dukker opp, skapte det glede hos han. Tvert om. Han vert grenselaust forarga over den "ufortente" velkomsten som faren gav han.

Den yngste er tydeleg av den eventyrlystne sorten. Han vil ut for å sjå og oppdage. "Undres hva jeg får at se over de høye fjelle?" Han tørster etter noko nytt, han brenn etter fridom og forandring. Og han er dristig nok til selje heile formua si for å kome seg langt bort.

Eg tipper at det var stoff i denne "utfersds-trang-karen" til litt av kvart – både godt og gale. Han hadde nok planer om å bygge seg eit slott, men så vart det eit luftslott. Grunnmuren held ikkje, og hans ville liv slo heile huset hans i grus.

Far imponerer mest

Men far imponerer mest. Og det er fars handlingar og ord som utgjør sjølve hovudsaka i forteljinga. Kvar får vi ei vakrere skildring av Guds nåde – og Guds iver og glede over ein synder som vender om?!

Same tema finn vi i dei to likningane som er fortalde rett framføre denne –

- Om han som gjekk for å leite etter den eine sauven – medan dei nittini fekk greie seg sjølve.
- Og om ho som leita etter pengestykket. Der er konklusjonen:
- På same måten, seier eg dykk, blir det glede mellom Guds englar over éin syndar som vender om.

Ikkje all arv kan sløst bort

Vi kan gruble. Kva hadde yngstemann med i bagasjen heimanfrå? Var det berre ein fin slump pengar etter salet av formua? Nei, eg trur nok at denne guten også hadde fått med seg ein arv som han ikkje greidde å spille i eit vilt liv. Eg trur at han også bar med seg ein arv som far ikkje kunne dele ut der og då, men som likevel flytte med på lasset.

Denne arven vert utdelt – ikke når eigeendom vert skifta, men gjennom gode samtalar og tydelege haldningar og meiningar som kjem til uttrykk i livets kvardag. Den blir sådd ved

kjøkkenbordet, i fest og glede, i sorg og sagn, ved barnesenga før søvnen kjem – i samtalar om dei evige verdiane – om Jesus og sånt, om rett og urett og om godt og gale. Det var nok denne arven som fekk guten til å vakne og komme til seg sjøl.

Plant varige verdier

Teksten i dag bør vi også bruke til å minne kvarandre om – både som foreldre og besteforeldre – kor viktig det er å plante varige verdier i barn og barnebarn.

- Det bestemødrene planta i sine barnebarn, gjorde at kristendommen tross alt overlevde i nokon grad etter over 70 år med omfattande ateistisk og kommunistisk propaganda i Sovjet, er det blitt sagt.

Det vi sår og planter i våre barn og barnebarn, når vi åpner Bøkenes bok, kan knapt nokon og noko plukke bort, ei heller eit vilt liv!

Rett nok. Stadig ser vi søner og døtre som også sel kristenarven heimanfrå, og som ender som grisepassarar i framandt land. Men vi høyrer og om at arven frå kristne foreldre gjer at dei kjem til seg sjølv, ser syndene sine og ruslar heim.

Jo. Det er på tide å stå opp for den kristenarven som er sådd og planta i landet vårt gjennom tusen år. Så mykje er rive ned og tatt ifrå oss på kort tid. Det er ved å bruke og reinvestere arven der vi bur, at vi held han levande.

Heimen, det du får med deg heimefrå, på godt og vondt, går det sjelden an å rømme frå. Foreldra ber du alltid med deg – i alle fall etter at dei er døde. Kva var det denne unge guten ute på grisemarkene kom til å tenkje på? Nettopp, - korleis det var heime.

No sit eg her og tenkjer på mine foreldre. Kor mange gonger gjennom livet har eg ikkje tenkt på det far skreiv i Bibelen som eg fekk til konfirmasjonen min:

- *Korleis skal ein ungdom halda stigen sin rein? Ved å halda seg til ditt ord! Og:
- I mitt hjarta har eg teke vare på ordet ditt, så eg ikkje skal synda mot deg!*

Det er ein arv – sjølv sagt kan du velje å selje kristenarven, men du greier knapt å bli heilt kvitt han.

Lukka for den yngste sonen var nettopp minnet om far. Håpet hans er å få tigge seg ein plass som arbeider på farens gard.

Men far reagerer annleis enn guten hadde tenkt. Til Gud får vi kome tomhendt. ”Gud sel ikke nåde for betaling.”

Sonen si audmjuke bønn vert avbroten av fars vennlege invitasjon til gledesfest. Han vert igjen son i huset. Gjøkalven må bøte med livet. Far er overlukkeleg. Han lagar fest for heile garden.

Guten si fortid i det framande landet, blir ikkje nemnt lenger. Gleda over han som var død, men som no er levande, vil inga grense kjenne.

Ein synder blir ofte kalla død i Det nye testamentet. – De var ein gong døde på grunn av misgjerningane og syndene dykkar (Ef 2,1).

Møtet med far er som eit ekko frå David i Salme 32:

- *Då sanna eg mi synd for deg, og mi skuld dekte eg ikkje over..... Og du tok bort mi syndeskuld.*

Far ser etter den bortkomne

Kva vil Jesus seie med denne ligninga? Han vil nok seie litt om korleis du og eg kan vere. Og han vil utan tvil seie oss noko om korleis vi skal møte eit bortkome og fortapt menneske. Men framfor alt vil den seie korleis Gud er! Han ser etter bortkomne søner og døtre – kjem dei ikkje heim!?

Alle tre likningane i Luk 15 fortel om Guds store leiteaksjon for å finne dei bortkomne tilbake til farshuset, både dei frå hans eige folk, og frå alle folk og folkeslag. Og dei fortel om Guds store glede over kvar einaste synder som vender om! Det er då noko av eit perspektiv å ta med seg inn i Bots- og bededagen!

Nådde så Guds kall og nåde inn til eldstemann? Vi får ikkje vite korleis det går med han. Men invitasjonen er klar. Far ville så gjerne også ha han med på festen.

Men når Guds nåde fram - og inn til deg? Invitasjonen til ein evig fest hos Gud gjeld framleis!

Kåre Ekroll

Tidlegare redaktør i Ungdom & Tiden og Utsyn, nokre år pastor i Frikyrkja. No pensjonist.

kaare_ekroll@yahoo.no